

**45 uskedelingar har stemt**

05.09.2011

**Inntil klokka 13.30 i ettermiddag hadde 45 uskedelingar førehandsrøysta og det var 5,9 prosent av dei 763 røysteføre. Krinsen låg med det etter Omvikdalen men foran Bringedalsbygda, som hadde 7,6 og 4,9 prosent. Guddalsdalen leia statistikken i prosent med 12,3 foran Valen med 10,3**

I heile kommunen hadde 7 prosent stemt av dei 9993 røsteføre. Valgeneral Geir Mogren trur at rundt 1100 vil førehandsrøysta denne gongen mot 975 for 4 år sidan.

Det er førebels flest som har stemt på Husnes - 149.

Ein kan førehandsrøysta til og med fredag.